



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Dato: 14.05.2019

Styresak: 25/19

Arkivsaksnr: 2011/3733-ARTH

Møtedato: 18.06.2019

Val på representantar for gruppe B i fakultetsstyret ved HF neste periode

Dokumentasjon – [nettsider](#) og ephorte

[Kunngjering](#)

[Valkalendar - for elektronisk val](#)

Ephortesak 2011/3733

Bakgrunn

Det er i vår 2019 val på representantar frå mellombels tilsette (gruppe B) og studentane (gruppe D) i fakultetsstyret for neste periode, 01. august 2019 – 31. juli 2020.

Gruppe B:

Valet blei kunngjort med oppslag og e-postar den 22. februar og seinare på Facebook - frist 8. april. Då det ikkje var nok kandidatar til fristen, starta nominasjonskomitéen arbeidet sitt. Innan 13. mai melde dei inn 3 kandidatar: [Stipendiat Are Bøe Pedersen](#) som medlem, vara [stipendiat Marianne Gunderson](#) og [stipendiat Solveig Lygren](#). Valstyret godkjende kandidatane i møte same dag, 13. mai.

Sidan det går fram av forslaget kven som er medlemskandidat og kven som er vara, vil valet skje med det avtroppande fakultetsstyret som valforsamling (§23.3-1 i [valreglementet](#))

Studentane – gruppe D:

Studentvalet blei også kunngjort med oppslag og e-post den 22. februar, og på Mitt UiB like etter. Det har enno ikkje kome inn kandidatforslag. Humanistisk studentutval (HSU) har meldt frå om at dei ønsker å ta ansvar for gjennomføring av valet, med studentutvalet som valforsamling. Valstyret har godkjent dette, og vil følge opp valprosessen - særleg med omsyn til kunngjering og likestilling.

Forslag til vedtak:

Stipendiat Are Bøe Pedersen blir valt til medlem for gruppe B i fakultetsstyret ved HF neste periode, stipendiat Marianne Gunderson og stipendiat Solveig Lygren blir vara.

Jørgen Magnus Sejersted
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør